

Oppvarming til ny platesuksess?

04.04.2010



"Wait for me and I will wait for you". (Foto: Ola Matti Mathisen)

Midt på sommaren kjem Robert Smith-Hald med si plate nummer to. Konserten hans i Dønhaugkjedlaren i kveld påskelaurdag kan oppfattast som ein del av oppvarminga til ein ny platesuksess. Diverre var det ikke fleire enn 40 som opplevde han denne gongen, men dei hadde ei fin oppleving.

Den første suksesen hadde han i fjor sommar, då han kom med debutplata "Innocence Said". Denne kvelden fekk vi høyra smakebiter både frå denne og plata som kjem og dei som sikra seg plate nummer ein har mykje meir å glede seg til.

Også i plate nummer 2 vil songdiktaren frå Pennsylvania og Bergen presentera utelukkande eigenproduserte songar og han forsikrar at dei fleste tekstane spring ut av frå hans verkelege liv.
Dei er slett ikkje utan brodd, men mange er også varme og kjenslevare, til dømes "You are so beautiful" og "Wait for me and I will wait for you".

Denne gongen hadde ikkje Robert med seg den meir eller mindre faste makkaren Ole Rasmus Hjelle, men det var heller ikke naudsynt. Robert maktar oppgåva utan musikalsk støtte. Han turnerer den akustiske gitaren og munnspelet som ein meister og strekk seg både musikalsk og songleg over eit stort register. Det viste han til fulle gjennom dei tre avdelingane sine på Dønhaug.

Utpå våren vil Robert Smith-Hald forresten vera ferdig utdanna som lærar. Men det er å håpa at rolla i skuleverket ikkje vil bryta ned, men heller stimulera ein betydeleg songdiktar.

Av Ola Matti Mathisen



Magne Huglen ynskjer Robert Smith-Hald velkome til Dønhaug nok ein gong. (Foto: Ola Matti Mathisen)